

Oppdragsgjevar: **Firda Billag AS**
Oppdragsnr.: **52204924** Dokumentnr.: **1**

Til: Sunnfjord kommune
Frå: Sindre Eikenes
Dato 2024-06-24

► Varsel om utviding av planområde knytt til utarbeiding av planframlegg Detaljreguleringsplan Bruland aust

I samsvar med §§ 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova vert det varsla om utviding av planområde knytt til utarbeiding av detaljreguleringsplan for Bruland aust

1. Reguleringsplan

1.1 Framleggsstillar

Norconsult AS gjennomfører planarbeidet for Firda Billag AS

1.2 Planområdet

Planarbeidet femnar om eigedom gbnr. 0/0, 59/2, 59/12, 60/6, 60/7, 60/15, 60/23, 60/24, 60/35, 60/36, 60/44, 60/66, 60/171, 60/189, 60/227, 60/235, 60/246

Området er på ca. 113 daa

1.3 Planstatus

Arealet er ein del av reguleringsplan frå 2004, der området er sett av til spesialområde masseuttak, friluftsområde langs elva og parkbelte langs E39.

Området er i kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 avsett til noverande råstoffutvinning og arealet er identisk med reguleringsplanen frå 2004.

Føresegner i kommuneplanen:

1. Etterbruken av område sett av til råstoffutvinning kan med naudsynte konsekvensvurderingar regulert utan avklaring i overordna plan.
2. Behov for deponi av tunnelmassar skal vurderast i nye reguleringsplanar og driftsplanar for sandtak på Bruland og Vie.

I framlegg til ny kommuneplan for Sunnfjord kommune 2024 er området sett av til framtidig næringsverksemd NÆ2 (Kontor, industri, lager, vegserviceanlegg eller anna næring).

1.4 Hovudmålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er regulering av Gbnr. 60/44 og del av gbnr. 60/23 mfl.. Areal er planlagt slik regulert at det vert lagt rammer for deponering av steinmassar frå bygging av E39 Storehaugen-Førde og seinare utbygging av næringsområde med plass til Firda Billag sin arealkrevjande verksemd og eventuelt andre liknande verksemdar. Det skal regulert inn direkte tilkomst til E39 sør i planområdet.

Oppdragsgiver: Firda Billag AS
Oppdragsnr.: 52204924 Dokumentnr. 1

Det er også avsett areal langs E39 for å mogleg kunne regulere inn planfri kryssløysing for mjuke trafikantar.

Jamfør referat frå oppstartsmøte med kommunen skal det i denne planen leggst til rette for eit vegsystem på Firda Billag sitt område som resten av sandtaket, Førde Sementvare og andre kan knyte seg til når det er aktuelt og relevant for dei.

Planen med tilhøyrande dokument vil femne om:

- 1) Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova.
- 2) Planomtale som klargjer mål, prinsipp og planen sine vesentlege konsekvensar i høve til miljø, samfunn og råka partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- 3) Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova
- 4) VAO-rammeplan

Planområdet er vurdert til å verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar, men at det ikkje er krav om planprogram.

2. Merknadar/uttaler til oppstart av planarbeidet

For nærmare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Arne Kringlen
mob. +47 951 17 875
e-post: arne.kringlen@norconsult.com

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Arne Kringlen
e-post: arne.kringlen@norconsult.com

Frist for å sende inn merknadar er sett til 09. august 2023.

3. Vidare saksgang

Planarbeidet er i oppstartsfasa. Vi er i gong med å registrere og samle inn opplysningar for planarbeidet. Målet er å oversende planframlegget til Sunnfjord kommune for handsaming hausten 2024. Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredsstillande. I samband med gjennomføring av offentleg ettersyn, er det mogleg å sette fram merknadar til planframlegget som vil bli vurdert av kommunen i samband med den vidare handsaminga av planen.



Oppdragsgiver: Firda Billag AS
Oppdragsnr.: 52204924 Dokumentnr. 1

4. Vedlegg

1. Oversiktskart av planområdet
2. Utsnitt av gjeldande arealdel til kommuneplanen (2018-2030)
3. Gjeldande reguleringsplanar
4. Vurdering i høve krav til konsekvensutgreiing konsekvensutgreiing (eige vedlegg)
5. Referat frå oppstartsmøte


Oppdragsgiver: Firda Billag AS
Oppdragsnr.: 52204924 Dokumentnr. 1

Vedlegg 1: Oversiktskart av planområdet




Oppdragsgiver: Firda Billag AS
Oppdragsnr.: 52204924 Dokumentnr. 1

Vedlegg 2: Arealdel til kommuneplanen 2018-2030 (plangrense til Bruland aust i svart stipla linje)



Vedlegg 3: Gjeldande reguleringsplanar (plangrense til Bruland aust i svart stipla linje)



Oppdragsgiver: Firda Billag AS
Oppdragsnr.: 52204924 Dokumentnr. 1

J02	2024-06-24	For bruk	SinEik	AKR	AKR
J01	2023-06-09	For bruk	SinEik	AKR	AKR
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.